
EG RINGER
MINE BRØR
AV JONAS HASSEN KHEMI
OMSETJING:
DET
NORSKE
TEATRET

## SKODESPELARAR FOR NOREG I DAG

Noreg er i endring. Norsk er eit langt meir mangfaldig omgrep enn berre for få tiår sidan. Oppgåva til teatret er å halde opp ein spegel, som Shakespeare så vakkert sa. Vi på Det Norske Teatret har vore opptatte av at denne spegelen skal innehalde alle fargane i det norske. Vi heiter Det Norske Teatret, og det forpliktar. Det same gjer teatret si historie. Dette teatret blei oppretta av og for folk som kom utanfrå. Det er naturleg at vi er det fremste teatret i kampen for eit større mangfald på norske scener. Det Norske Teatret er mangfaldig, og slik skal det vere i framtida også.

Derfor er det med stoltheit at heile teatret no gler seg over å kunne presentere det første avgangskullet frå utdanninga Det Multinorske. Etter tre intense år skal Thomas, Kadir, Sara og Judy no møte offentlegheita for første gong.

Ta vel imot dei!

*Erik Ulfsby,* teatersjef



**FOTO** Ylva Catodotter Fyllingsnes
**GRAFISK FORMGJEVING** Making Waves
**TRYKKERI** Print House

# EG RINGER MINE BRØR

AV JONAS HASSEN KHEMIRI

OMSETJING: MARIA TRYTI VENNERØD

**DET MULTINORSKE**

Det Multinorske er Noregs første skodespelarutdanning for nordmenn med ikkje-vestleg bakgrunn. Det Multinorske er eit initiativ frå Det Norske Teatret for at teatra skal kunne byggje ensemble som speglar det moderne Noreg. I 2012 etablerte Det Norske Teatret i samarbeid med Høgskolen i Nord-Trøndelag ei treårig utdanning for skodespelarar med ikkje-vestleg bakgrunn.

*Eg ringer mine brør* er deira eksamensframsyning.

Amor **KADIR TALABANI**

Shavi, Seljar, Overvakar, Stemmeforsterkar **THOMAS BIPIN OLSEN**

Valeria, Karolina, Stemmeforsterkar **SARA KHORAMI**

Ahlem, Tyra, Overvakar, Stemmeforsterkar **JUDY NYAMBURA KARANJA**

Regissør **PEER PEREZ ØIAN**

Dramaturg **OLA E. BØ**

Inspisient **HEDDA RØNNEBERG**

Sceneansvarlege **PELLE DENGSØ OG TRYGGVE ILDAHL**

Rekvisittkoordinator **ÅSE-BERIT LITLESKARE**

Kostymekoordinator **ANETTE HELLENES**

Maskekoordinator **MARIT FRAMSTAD**

Forlag: Colombine Teaterförlag

HINT

**PREMIERE 21. MAI 2015 PÅ SCENE 3**

**MUSIKK I FRAMSYNINGA** Ibrahim Maalouf, Olivier Weiter, Ravi Shankar, Âme

## JONAS HASSEN KHEMIRI

Jonas Hassen Khemiri (f. 1978 i Stockholm) er mellom Skandinavias mest hylla og lesne unge forfattarar og dramatikarar. Han debuterte med romanen *Ett öga rött* i 2003 (på norsk i 2005), ein dagboksroman skriven av ein innvandrar på innvandrarsvensk. Romanen vekte stor merksemd, og blei både dramatisert og filmatisert. Bøkene hans har blitt omsette til femten språk og teaterstykka hans har blitt sette opp av over femti internasjonale teater og teaterkompani.

Hans sterke samfunnsengasjement har gjort han sentral i debattar om innvandrarar og integrering, mellom anna med kronikken som er utgangspunktet for denne teaterteksten, *Jag ringer mina bröder*, publisert i Dagens Nyheter etter bombingane i Stockholm i 2010. Han markerte seg også sterkt i debatten kring papirlause innvandrarar i 2013 da han i same avisa publiserte eit ope brev til den svenske justisministeren i høve handsaminga av desse innvandrarane (Reva-debatten). Same året starta han ein skriveverkstad for papirlause innvandrarar.



FØLG OSS

Facebook: detnorsketeatret
Twitter: @detnorsketeatre
Instagram: #detnorsketeatret

Bruk emneknagg #detnorsketeatret for å dele dine opplevingar hos oss på Instagram og Twitter.

www.detnorsketeatret.no
**BILLETTLUKA:** 22 42 43 44

Nasjonalbiblioteket
Depotbiblioteket
Eg ringer mine br°r av Jonas Hassen Khemiri, Omsetjing: Maria
16g113338

DETNORSKE  MAKING WAVES  OBOS